




Fv. 60 Nye Juvbrua I Sykkylven kommune

Planinitiativ




Innhold

1	Bakgrunn	2
1.1	Målet med planen.....	2
1.2	Forslagsstillar	3
1.3	Plantype	3
1.4	Tidlegare vedtak i saka	3
1.5	Planprosess, medverknad.....	3
1.5.1	Planprosess.....	3
1.6	Medverknad	3
1.7	Planprogram/krav om konsekvensutgreiing.....	4
1.7.1	Tidlegare utført konsekvensutgreiing.....	4
1.7.2	Kva seier forskrifta om konsekvensutgreiing?.....	4
1.7.3	Vår vurdering av behovet for konsekvensutgreiing	4
2	Gjeldande plangrunnlag.....	5
2.1	Kommuneplanen sin arealdel for 2013-2025.....	5
2.1.1	Juridiske planføresegn.....	5
3	Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve	6
3.1	Vegsystem og trafikktilhøve	6
3.2	Plassering, avgrensing, størrelse på planområdet.....	6
3.3	Dagens og tilstøytande arealbruk.....	0
4	Skildring av forslag til regulering	0
4.1	Planlagt arealbruk, forslag til reguleringsføresmål (ikkje utfyllande)....	0
4.2	Skildring av tiltaket	0
4.3	Eigedomstilhøve	1
5	Verknader av planforslaget.....	1
5.1	Trafikktilhøve	1
5.2	Verknader utanfor planområdet.....	1
6	Forslag til særlege tema i risiko – og sårbarheitsanalyse	1

1 Bakgrunn

1.1 Målet med planen



Dagens bru over Juene ligg på fv. 60 på veg opp fra Sykkylven til Strandafjellet (400 meter etter avkjøring til Fjellsætra). Dagens bru er svært smal og i dårlig stand, og har en krapp kurve rett før og etter brua. Det manglar gul midtlinjepå ei strekning på omtrent 300 meter, frå parsell S6 om lag mellom meter 200 til 500. Prosjektet skal utbetre denne strekninga ved å fjerne den smale brua og de krappe kurvene, og erstatte det med ny bru med gul midtlinje.



Foto 1: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tilstand på brua:

Det er registrert alvorlege rekkverksskader som har utvikla seg over tid på brua og som må utbetrast. I tillegg er det registrert andre skader som innan nokre år vil kunne forårsake bæreevneskader på brua:

- Det er fleire brudd i plata, som ligg under 8-10m med høg steinmur.
- Brudd i fleire av steinane i landkara under plata nederst i muren. Det er snakk om rundt 20 brudd i kvar side per i dag.

- Antydning til buler i muren.

Utbetring av skadene vil gi svært store kostnader, samt utfordringar med gjennomføring da brua er smal og ligg i en krapp sving. Ved ei utbetring av dagens bru må det byggast midlertidig bru i byggefase. Det er derfor vurdert at ny bru bør byggast nedstrøms for dagens bru da det vil gi vesentlig økt trafiksikkerhet på strekningen.

1.2 Forslagsstillar

Forslagsstillar er Møre og Romsdal fylkeskommune, medan Sykkylven kommune er planmynde.

Sjølve planarbeidet skjer i samarbeid med Sykkylven kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeider planforslaget etter reglane i plan- og bygningslova § 3-7.

Nærare om detaljert ansvarsfordeling blir avtalt i oppstartsmøte.

1.3 Plantype

Det vil etter pbl. § 12-3 bli utarbeida ei detaljreguleringsplan som omfattar ny bru og tilstøtande vegar.

1.4 Tidlegare vedtak i saka

Det blei i Samferdselsutvalet 29.09.2022 (sak SA-80/22) gjort vedtak om å starte opp reguleringsarbeid for nye Juvbrua.

«Samferdselsutvalet ber om at planlegging av nye Juvbrua i Sykkylven kommune vert sett i gang med det første, og at brua vert innarbeidd i investeringsprogram og økonomiplan i løpet av 2023. Samferdselsutvalet er innforstått med at dette vil medføre forseinkingar i andre planprosjekt.»

1.5 Planprosess, medverknad

1.5.1 Planprosess

Oppstart av planarbeidet vert meldt så snart som mogleg etter oppstartsmøte og klarsignal frå Sykkylven kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune har lagt opp til eit ambisiøst forslag til framdriftsplan:

Oppstartsmelding	Våren 2023
Høyring av planforslag	Vinter 2023/2024
Vedtak av reguleringsplan	Vår/Sommar 2024

1.6 Medverknad

Møre og Romsdal fylkeskommune vil etablere ei prosjektside på [heimesidene våre](#) for informasjon om prosjektet.

I samband med planoppstart

- Varsle planoppstart via aviser og andre offentlege kanaler
- Publisere infomateriale på heimesidene til fylkeskommunen

Mens planprosessen går føre seg

- Regelmessige møter med kommunen
- Dialog med berørte grunneiere ved behov

I samband med høyringsprosessen

- Vurdere behov for open kontordag, eventuelt infomøte i samband med at planforslaget blir sendt til høyring.

Endeleg fastsetjing av plan for medverknad avtalast i oppstartsmøte med Sykkylven kommune.

1.7 Planprogram/krav om konsekvensutgreiing

1.7.1 Tidlegare utført konsekvensutgreiing

Planstillar er ikkje kjent med at det er utført tidligare konsekvensutgreiingar i området.

1.7.2 Kva seier forskrifta om konsekvensutgreiing?

I følge *Forskrift om konsekvensutredningar* frå 01.11.2021 høyrer dette planarbeidet inn under tiltak som er nemnt i vedlegg II, nr. 10, bokstav e, punkt 1: «bygging av veier».

Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II skal konsekvensutredast (men ikkje ha planprogram eller melding), dersom plana vil kunne få vesentleg virkning etter konsekvensforskrifta § 10. Unntaket frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutreda i ein tidlegare plan og der reguleringsplana er i samsvar med tidlegare plan.

1.7.3 Vår vurdering av behovet for konsekvensutgreiing



I vurderinga av om ei plan eller tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal det sjåast hen til eigeskapar ved planen eller tiltaket og dens lokalisering og påverknad på omgivinga, jf. konsekvensforskrifta § 10, andre og tredje ledd. Det skal også i nausynt gras sjåast hen til eigeskapar ved virkningar nemnd i fjerde ledd.


Planområdet er avgrensa og gjelder ca. 85 mål, og omhandlar etablering av ny bru i nærleiken av eksisterande bru. Området ligg i kulturlandskapet Drotninghaug – Reiten som er eit slåttemark - og beiteområde. Planområdet inneheld ikkje artar av nasjonal forvaltningsinteresse i kartdatabasen, men området vil bli kartlagt i ein rapport om naturmangfald. Det vurderast om temaet skal omtalast spesielt i planomtalen og være eit særskilt tema i risiko- og sårbarheitsanalysen.

Planstillar vurderer det derfor slik at omfanget av planen ikkje krev konsekvensutgreiing.

2 Gjeldande plangrunnlag

2.1 Kommuneplanen sin arealdel for 2013-2025

Kommuneplanen sin arealdel 2013 - 2025 vart vedtatt av Sykkylven kommunestyre 27.05.2013.



I kommuneplanen sin arealdel er området avsett til LNFR for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag og faresone H310 - Ras- og skredfare.

2.1.1 Juridiske planføresegn

5.1	Nasjonale og regionale føringar
5.2	Utfordringar frå planprogrammet
5.3.2	Samferdselsanegg og teknisk infrastruktur
5.3.4	Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)
5.3.6	Omsynssoner

3 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Vegsystem og trafikktilhøve

Fylkesveg 60 er ein hovudveg med fartsgrense på 80 km/t. Fylkesvegen har en Årsdøgntrafikk (ÅDT) på 1550, der 10% er tungtrafikk.


Dagens bru har ei vegbreidde på 5,15 meter, mens vegstandarden på stedet er 6,5 meter. Svingen (horisontalkurveradius) på før og etter brua har også en radius som er for lav iht. krav i vegnormalene. Det mangler tilstrekkelig sikt i forhold til fartsgrensen på stedet.



3.2 Plassering, avgrensing, størrelse på planområdet

Planavgrensinga for reguleringsplana vil omfatte områda rundt dagens fylkesveg. Området er på 85 mål og omfattar følgende gards- og bruksnummer:

- 31/41
- 30/10
- 31/10
- 30/2
- 30/97
- 31/11



3.3 Dagens og tilstøytande arealbruk

Arealbruk innanfor planområdet er dominert av udyrka mark/skogsområde. Området er avsatt til LNFR for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag og faresone H310 - Ras- og skredfare i kommuneplana. |

4 Skildring av forslag til regulering

4.1 Planlagt arealbruk, forslag til reguleringsføremål (ikkje utfyllande)

Området skal regulerast til samferdselsføremål (planfri kryssing) med tilhøyrande infrastruktur. Dette inneber følgjande forslag til reguleringsføremål (ikkje utfyllande):

- samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
- køyreveg
- annan veggrunn – tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal
- landbruksformål

Omsynssoner

- frisikt
- faresoner
- anlegg – og riggområde

4.2 Skildring av tiltaket

Det skal planleggast og byggast nye Juvbrua.

Innafor avsatt planområdet omfattar også rosjetet utbetring av vegstrekninga før og etter brua slik at vegen blir breiare (to felt med gul midtstripe) og utretting av kurvar innanfor vedlagt avgrensa planområde.

Vegeigar har ønske om å rive gammel bru når ny bru står ferdig.

Prosjektet skal ikkje:

- Bygge gang- og sykkelveg på veg og bru

- Omfatte utbetringstiltak, breiddeutviding Drotninghaug som står på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt investeringsprogram for fylkesveg.

Samfunns mål

- Utbedre dagens vegstrekning med formål om trafikk sikker veg for køyrande.

Effekt mål

- Auke vegbreidda til to felt (inkl. gul midtstripe)
- Auke horisontalkurveradius på strekninga
- Ny, trafikk sikker bru som er enklare å vedlikehalde

4.3 Eige domstil høve

Planområdet omfattar bruk av eksisterande vegsystem og areal sett av til LNFR for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag

5 Verknader av planforslaget

5.1 Trafikk til høve

Prosjektet skal bidra til auka traikksikkerheit gjennom ny bru med betre vegbredde og horisontalkurveradius.

5.2 Verknader utanfor planområdet

Planområdet omfattar ikkje utbetring av vegbreidde ved Drotninghaug og kryssområdet for Fv. 60 og Kommunalveg 7003 Nysætervegen. Planprosjektet nye Juvbrua vil ikkje føre til auka belastning på disse strekningane.

6 Forslag til særlege tema i risiko – og sårbarheitsanalyse

- Geofare
- Flom
- Naturmangfold



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no